

# Salmar, tekster og bønner ved gravferd

Forslag til bruk i gravferd for dødfødde

I allmenne føresegner for gravferd (punkt 7) er det få krav til gravferd for dødfødde. Det einaste som må vere med, er Herrens bøn. I dette dokumentet finn du nokre fleire ressursar som kan vere til hjelp for dei som ønsker ei gravferdsordning med fleire element.

## Innhold

Salmar.....	1
Bibeltekster .....	2
Bønner .....	2
Symbolhandlingar og artefakter.....	5

## Salmar

I forslaga til velsigningsritual på denne ressursida, er det lagt opp til at ein syng ein salme som innleiing og ein som avslutning. Ei slik innramming er ofte god, men det er viktig å gjere avtalar med familien før ein vel salmar eller songar.

Det viktige for eit godt ritual er ikkje å syngje ei bestemt salme, men at de syng ein song som fungerer godt for familien i sorg. Eksempla på velsigningsritual nemner nokre salmar, og nedanfor er òg nokre forslag. Ein kan syngje heile salmen, eller ein kan velje nokre vers.

I dokumentet «Førebuingar og praktiske val» er det i punkt 4.2. skrive meir om salmeval. Familien har kanskje ein salme dei er glade i og som det er naturleg for dei å syngje. Kanskje er det beste å syngje ein barnesong eller ein godnattsong song sysken eller foreldre kjenner frå sengekanten eller barnehagen.

Her er nokre døme på salmar som kan nyttast:

- 324 Ikke en spurv til jorden
- 452 Du som styrer straum og vind
- 448 Midt i alt det meningsløse
- 494 Jeg er i Herrens hender
- 586 Fylt av glede over livets under
- 588 Ingen er så trygg på ferda/Ingen er så trygg i fare
- 613 Nu vill jag sjunga om moders-vingen
- 773 Kjære Gud, eg har det godt/Kjære Gud, jeg har det godt
- 778 Sov, vesle barnet, sov i Jesu namn
- 780 Min båt er så liten og havet så stort
- 824 Ingen stund er så som denna
- 847 Han gyller himlens tak i gullsinober
- 872 Nå er livet gjemt hos Gud
- 941.1 og 941.2 I dine hender, Herre Gud (denne finst og i gravferdsritualet)

Det kan vere andre salmar enn dette som også kjennest rette i situasjonen. Det viktige er å lytte til familien ein møter. For fleire idear, kan det vere lurt å sjå til salmeboka sine kapittel med

overskriftene: påsketida (186-215), tryggleik og glede (482- 504), nød og klage- (745-752), ved senga (767-778) eller for dei minste (779-787).

## Bibeltekster

Det er avgjerande å bruke få og enkle ord i velsigningsrituala. Ein bør difor vere varsam med å lese mykje bibeltekst i eit slikt ritual. Om ein ønsker inspirasjon til å leite fram gode bibeltekster, kan lista nedanfor vere til hjelp.

Nyttast ved gravferd:

- Markus 10: 13-16 (barneevangeliet)
- Johannes 10:28-29 (siste del av tekst G i gravferdsordninga sine forslag til skriftlesingar)

I gravferdsordninga er det, i tillegg til dei tekstene som står skrivne, nemnd tre andre bibeltekster som kan nyttast når spedbarn dør. Ei av tekstene er frå Matteus-evangeliet og står skrive i punkt 7 i allmenne føresegrer. Dei to andre er frå *Salmane* i Det gamle testamentet og er viste til på slutten av skriftlesingane.

- Matteus 18:14 (når foreldra er uroa for sitt udøpte barn)
- Salme 39:5-8
- Salme 139:1-6, 13-18

Svenska kyrkan har ei ordning for gravferd av dødfødde barn og spedbarn. Tre av bibeltekstene som er brukte der, er ikkje med i den norske gravferdsordninga. Det er:

- Salme 31:15
- Salme 46:2-4
- Jeremia 29:11

## Bøner

Bøn A

*Nynorsk*

Gud, vi er her hos deg med vår sorg og fortvilning.

Du ser våre tårer, vår avmakt og vårt sinne.

(Du ser også vår takksemnd for at NN har levd og vore til).

Gud, kom til oss med din kjærleik og hjelp oss å orke å leve vidare.

I Jesu namn.

Amen.

*Bokmål:*

Gud, vi er her hos deg med vår sorg og fortvilelse.

Du ser våre tårer, vår avmakt og vårt sinne.

(Du ser også vår takknemlighet for at NN har levd og vært til).

Gud, kom til oss med din kjærlighet og hjelp oss å orke å leve videre.

I Jesu navn.

Amen.

*(Kyrkohandbok for Svenska kyrkan)*

## Bøn B

### *Nynorsk*

Gud, det er så mykje vi saknar!  
Det kjennest tomt, og vi sørgjer.  
Kvifor kunne ikkje NN/ho/han få leve?  
Din kjærleik er sterkare enn alt; til og med sterkare enn døden.  
Difor bed vi deg: Ta vare på NN.  
I Jesu namn.  
Amen!

### *Bokmål*

Gud, det er så mye vi savner.  
Det er tomt, og vi sørger.  
Hvorfor kunne ikke NN/hun/han få leve?  
Din kjærlighet er sterkere enn alt; til og med sterkere enn døden.  
Derfor ber vi deg: Ta vare på NN.  
I Jesu navn.  
Amen.

*(Kyrkohandbok for Svenska kyrkan)*

## Bøn C

### *Nynorsk*

Gud, vi har overlate NN til deg.  
No overgir vi også oss sjølve til deg.  
Hjelp oss, lyft og ber oss i vår sorg og vårt sagn.  
Bevar oss no og i all æve.  
I Jesu namn.  
Amen.

### *Bokmål*

Gud, vi har overlatt NN til deg.  
Nå overlater også oss selv til deg  
Hjelp oss og bær oss i vår sorg vårt savn.  
Bevar oss nå og i evighet.  
I Jesu navn.  
Amen.

*(Kyrkohandbok for Svenska kyrkan)*

## Bøn D

### *Nynorsk*

Herre Jesus Kristus, Guds Son:  
Du høyrer våre skrik, du merkar våre tause rop,  
du ser våre gråtande sjeler.  
Møt oss ved grensene for vår forstand.  
Møt oss i vår djupe avmakt.  
Lat din kjærleik  
vera bandet til verda slik ho er.

Hald oss fast i di djupe omsorg  
og fyll oss med mot nok  
til å møta livet.

*(Heidi Strand Harboe, Norsk bønnebok nr. 146)*

Bøn E

*Nynorsk*

Gud, ta imot vår vesle som aldri vart født levande.  
Berre du kjenner henne eller han.  
Du kjenner også oss og veit  
at vår glede var stor i ventetida, og at sorga no er tung.  
Ta imot oss med vårt sinne, vår sorg og smerte.  
Omgjev oss med din lækjedom, du som kjenner både levande og døde.

*(Caroline Krook + arbeidsgruppe i kyrkjerådet 2002, Norsk bønnebok nr. 165)*

Bøn F

*Nynorsk*

Gud, vi står her og kjenner oss hjelpelause.  
Difor kjem vi til deg med vesle NN.  
Vi kan ikkje følgja h\* lenger, men frå ditt ord har vi håp.

*[(Vesle) NN – vi overgir deg til Gud som har skapt deg og tar vare på deg. Eg teiknar deg med det heilage krossmerket til vitnemål om at du høyrer den krossfeste og oppstadne Jesus Kristus til.]*

Gud, du som held æva i dine hender og ikkje er fanga i tid og rom.  
Ta imot h\* og la h\* få bu hjå deg.  
Ta imot oss med vårt sinne, vår sorg og smerte.  
Omslutt oss med di lækjande kraft, du som kjenner både levande og døde.  
La oss få leva i håpet om at din evige kjærleik til slutt skal samla oss alle.

*Bokmål*

Gud, vi står her og kjenner oss hjelpeløse.  
Derfor kommer vi til deg med lille NN.  
Vi kan ikke følge h\*n lenger, men vi bærer et håp gjennom ditt ord.

*[(Lille) NN – Vi overgir deg til Gud som har skapt deg og tar vare på deg. Jeg tegner deg med det hellige korsets tegn til vitnesbyrd om at du tilhører den korsfestede og oppstandne Jesus Kristus.]*

Gud, du som holder evigheten i dine hender og som ikke er fanget i tid og rom.  
Ta imot h\*n, la h\*n få bo hos deg.  
Ta imot oss med vårt sinne, vår sorg og smerte.  
Omslutt oss med din helingskraft, du som kjenner både levende og døde.  
La oss få leve i håpet om at din evige kjærlighet til slutt skal samle oss alle.

*(Fra Nordlandssykehuset)*

## Symbolhandlingar og artefakter

I eit enkelt ritual som ei velsigning på sjukehuset er, bør ein vere varsam med å putte inn mange ulike liturgiske element og symbolhandlingar. Det viktige er å lytte seg inn på familiens ønske.

I ei gravferd er det fleire moglege og gode alternativ for bruk av artefakter og symbolhandlingar. Om situasjonen tillét det, kan somme av desse førebuingane starte på sjukehuset. Kanskje er det noko som skjedde eller blei viktig på sjukehuset, som òg skal takast med i gravferda?

Døme på ting som både skjer på sjukehuset og i gravferda kan vere:

- Lystenning? Eit lys og ein kvit duk kan skape ei god ramme for det som skjer på sjukehuset (om det ikkje er mogleg med levande lys, kan lys med batteri i fungere fint). Skal ein bruke ein liknande duk og eit lys i gravferda?
- Om barnet vart døypt på sjukehuset; skal dåpslyset vere med i gravferdsseremonien?
- Såpebobler?
- Vart det brukt klokking med ei lita bjølle på sjukehuset eller i kapellet på sjukehuset? Kan bjølla få lyde i gravferda?
- Vil sysken teikne eller skrive noko til barnet?
- Dersom foreldra samlar ting og minne om barnet, kan det vera fint å laga program-ark for det som skjer på sjukehuset og/eller i gravferda. Er det andre artefakter eller ting frå rituala som høyrer med i ei slik samling?